



Adresseliste høyringspartar, jf vedlegg

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal og sentral høyring av framlegg til utvida vern av Hålandsdalen naturreservat, Suldal kommune i Rogaland

Grunneigarar til Hålandsdalen naturreservat i Suldal har gjort avtale med staten om frivillig utvida vern. Fylkesmannen i Rogaland sender framlegg til utvida vern og framlegg til ny verneforskrift og vernegrense for Hålandsdalen naturreservat på samordna lokal og sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneplanprosessar etter naturmangfaldlova.

Frist for uttale er sett til 02.06.2016.

Uttalar skal sendast til:

Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger.

Bakgrunn

Gjennom handsaming av Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. nr. 14 (2015-2016).

I meldingane er frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog. Formål med skogvern er å frede eit representativt utval av typisk og sjeldan/truga barskog for framtida. Hålandsdalen naturreservat vart verna i 2013, som det første frivillige barskogvernet i Rogaland. Etter tilbod frå grunneigarane om å utvida det verna arealet, gjer Fylkesmannen i Rogaland derfor framlegg om å utvida Hålandsdalen naturreservat og å endre verneforskrifta i samsvar med dette.

Heimelsgrunnlag for vern av naturreservat er naturmangfaldlova § 34, jfr. §37 og §62.

Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 30. januar 2014 sende Vestskog, på vegne av private grunneigarar på gnr.bnr. 159/1, 159/2, 165/24, 165/1, 165/2 og 164/3 i Suldal kommune, tilbod om frivillig utvida vern til Fylkesmannen, som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Fylkesmannen i juni 2014, av Gaarder & Haugan i 1997 og av Rådgivende biologer i september 2014.

Fylkesmannen sende ut melding om oppstart av verneprosess 19. februar 2016, då Fylkesmannen fekk e-post frå Miljødirektoratet 12. februar 2016 om at dei hadde motteke signerte avtalar frå grunneigarane. Endeleg avtale om frivillig vern mellom private grunneigarar og staten ved Miljødirektoratet vart signert av Miljødirektoratet 2. mars 2016.

Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, desse er oppsummerte i vedlagt notat.

Fylkesmannen vil samanfatte denne samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil etter det gje sitt framlegg til kongelig resolusjon i statsråd.

Hålandsdalen naturreservat

Hålandsdalen naturreservat vart opphavleg verna ved frivillig skogvern i 2013, og utgjer i dag om lag 5718 dekar i areal. Verneområdet er foreslått utvida med 818 dekar skog mot nord langs Tyssefjorden og 542 dekar skog mot aust.

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit stort samanhengande skogsområde frå lågland til fjell med edellauvskog, temperert regnskog og eldre furuskog som er lite prega av nyare inngrep, og å ta vare på alt naturleg plante- og dyreliv og dei naturlege økologiske prosessane i området. Eldre edellauvskog/haustingsskog av ask og andre edellauvtre dominerer langs Storåna og i rasmark og bratte lier, særleg ut mot Hålandsdalen. På stammane finst fleire sjeldsynte, fuktkevjangande og nasjonalt truga lavartar som gjer at skogen kan reknast som regnskog. Hovudmålet er å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og om mogleg ta vare på kulturpreget i haustingsskogen.

Utvidinga langs Tyssefjorden er for det meste bratt, med mykje bart fjell og ur. Nede del er prega av ein blanda lauvskog med ask, gråor, lind, bjørk og litt eik. Bjørk aukar oppover, men den øvre delen av lisida er dominert av røsslyng-blokkebærfuruskog. I nord, sør for Haslaneset, ligg ei mindre hagemark med styva ask og dei sårbare artane (VU), bleik kraterlav og *Gyalecta truncigena*.

I utvidinga mot aust er det nærast reservatgrensa og ned mot elva ein frodig, rik edellauvskog dominert av gamle styva asker og frodig, delvis høgvaksen engvegetasjon med kvitbladtistel, mjødukt, engsnelle, enghumleblom, gulaks, markjordbær og rikeleg med grov nattfiol. Dette kan vera tidlegare slåttemark, og naturtypen er då ei lauveng. Fylkesmannen fann her dei svært sjeldne lavartane *Megalospora pachycarpa* (sterkt trua-EN) og *Wadena minor* (ikkje raudlistevurdert, berre kjend frå ein annan lokalitet i landet). Andre lavartar med tyngdepunkt i regnskogmiljø er kastanjelav, *Fuscopannaria ignobilis*, kastanjefiltlav, bleik kraterlav, *Gyalecta truncigena*, (alle sårbar-VU). Lenger aust er ei smalare stripe med styva ask langs elva, medan lia ovanfor vekslar mellom blåbærskog og svak lågurtskog og treskiktet etter kvart er dominert av yngre bjørk. Lenger oppe i lia tek grunnlendt lyngfuruskog over.

Vedlagt er framlegg til ny vernegrense og ny verneforskrift for reservatet. Framlegget vert annonsert i lokal presse, samt lagt ut på våre nettsider: <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/> under *miljø og klima*.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef

Annette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Annette Fosså
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20
E-post: fmroafo@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Adresseliste høyringspartar
- Oppsummering kommentarar frå melding om vern
- Kart – framlegg til ny vernegrense
- Framlegg til ny forskrift for vern av Hålandsdalen naturreservat

Kopi til:

| | | | |
|-------------------|---------------------------|------|-----------|
| Allskog | Ingvald Ystgaards veg 13A | 7047 | TRONDHEIM |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
| Vestskog | Røyndalsvegen 4 | 5736 | GRANVIN |